Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9 — Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Fitjar

Emne: Lauving — Bygdelag:

Oppskr. av: J. Hageberg — Gard:

(adresse): Vistvik (ikkje Færøysundet) — G.nr. — Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Etter eiga røynsla:

1. Ja, på dei gardane der det er lauvskog lauvar ein noko lite kvar sumar, men mest når det ser ut til å verta lite høy.

2. Då eg var smågut for omlag 60 år sidan, nytta far lauvet av bjørki som han „losta" (reiv borken av) kring jonsok. Han hogg greinene av og tok grein for grein og kvista det beste lauvet av med ein lauvkniv. Lauvkniven var nokå lang. Små lette greiner heldt han med vinstre handi, og so hogg han lauvbusken av med kniven. ✓

✓ 


Når han hadde kvista av alle greiner, var det ein heil lauvdunge, som vart ordna i buntar, og so sette ein eit bjørkeband rundt om kvar buntar, og so hadde ein eit lauvkjørve.
(Me ungane samla lauvet i buntar, og far sette band om)
No er det slutt med å losta bjørk, og det er sjeldan ein lauvar so tidleg som jonsoktider

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1696

2)

Det er helst etter slåtten ein tek til med det arbeidet, om veret er til dess (i sletten av juli og august)
Helst ask og bjørk, men og osp, rogn, og andre lauvtreslag.
Some eldre folk segjer „logga", yngre segjer helst „lauva".
3. Helst ein stor sigd. (Lauvkniv har eg ikkje sett i bruk no)
Askelauv vert plukka av dei levande trei med hand i håslåtten og turka på vollen, ofte samanblanda med høi. Ikkje noko anna lauv rispar ein av.
4. Alt lauv som vert bunde i bjørve, er teke av nedhogde tre eller av greiner avhogde av ein gamal stav (Me segjer at me styver treet, når me høgg greinene av so høgt over marka at ikkje kyrne når opp og får eta av dei nye skot.) Kvart 3dje eller 4de år kom ein styva treet på nytt. Dette er helst ask dette vert gjort med her no, – men eg hugsar frå barndomen at her stod mange bjørke-, rogne- og seljestavar, som hadde vore styvde. Selja styver ein av og til no og, men ein brukar ikkje lauvet til bjørve, men i vårknipa, når ho tek til å „sva" (losa borken) styver ein henne og bryt kvistene av og flekkjer borken av greinene og gjev kyrne ~~kvistene~~

1696

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

 

både kvistene med blom og nyutsprungje lauv og basten –
Ein plukkar lauvet av asken (som før nemnt) i dei år ein ikkje styver. Askelauv er rekna for godt fôr.
5. Askelauv som er plukka av rotfaste tre vert turka på bakken, ofte saman med hå. Kjörvene turkar ein ute i hesjer eller opp etter uthusveggjer, dersom det er opplett ver. Er det regn hengjer ein dei opp under tak og framned veggjer innvendig i uthusi.
Når det er turrt legg ein det i lad i löda ein stad.
6. Ein ber lauvet (kjörvene) i börer på ryggen – Ingen dugnad –
7 Helst på innmarka. Kar og kvinna hjelpest åt.
8. Sjå under 5. Kuene får eit lauvkjörv ein gong om dagen attåt höy. Elles er det ikkje nokon fast regel å gå etter.
9. Kyrne likar ask best.
10. Nei.
11 nei
12–15 Fell burt.

B. Lauv som fell av trei om hausten vert ikkje nytta til anna enn strö i sauehus og grisehus, aldri til fôr.

1696
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING